

Klæde og sko

Det meste av klede og sko til kvardagsbruk laga dei heime på gardane dei karda og spann og batt votter og hoser og leistar, og dei sende ull til ullvarefabrikkane og fekk igjen ulltepper og strikkatrøyer, men før mi tid batt dei nok for hand, for eg hugsar at han far kalla ei slik trøye for ei bottatrøye. Det kjem nok av eit sterkt verb i bygdemålet i Lenvik. Det er verbet å bitte- bitt- batt-botte. Dei vevde ty både til ytterklede og underklede. Etter vevinga måtte tyet stampes. Det vil ikkje seie at ein selde det til billeg pris, men at en krympa tyet i ei stampe.

Her på Leiknes hadde dei stampe i Øvergården, og i Trollvik hadde dei ei hos Kristian Mathiassen på garden Kleiven. Inne i sjølve Trollvika var det ei stampe hos notmann Johan Jakobsen. Ei stampe var laga etter same prinsipp som ei tøvfjøl, men var mykje større. Den var laga av ca 2 toms plank, og var ca 1 m brei og 2 m lang. Underparten var sett opp på eit stativ ca 1 m over bakken, og stampa stod oftast ute attmed fjøsveggen. På tvers av underparten på den sida som vende opp, var det skurenn ut furer som likna på furene på eit vaskebrett, men dei var mykje større.

Overparten av stampa hadde furene på undersida. På over sida av denne overparten var det festa ein ca 3 toms plank på høgkant. Det var desse plankane ein heldt i når ein drog stampa. Når ein skulle stampe tyet, måtte ein varme opp vatn i fjøsgryta. Så tok ein bort overparten av stampa og la tyet utover på underparten, så slo ein varmt vatn over og la overparten på. Eit par småkarar fekk gjerne sitje på. Ein måtte vere 4 mennesker for å dra stampa. Ein stod to på kvar ende og drog overparten fram og tilbake. Vi ungar tykte det var moro å sitje på, men det var ikkje fullt så morosamt for dei som drog stampa. Det var eit tungt arbeid. Det fekk vi lære då vi blei så store at vi måtte ta ein tørn i draginga.

Til søndagsklede kjøpte kvinnene gjerne ty i butikken og sydde klede sjølve eller dei fekk ei sydame til å sy.

Når karane kom heim frå Lofoten eller Finnmarken, hadde dei gjerne kjøpt seg ein ny dress til søndagsbruk. Då kjøpte dei og ofte kjolety til kona og eitkvart

nytt til borna. Dei handla gjerne med telthandlarar i fiskeværa. Det var jødar og Romsdalinga som dreiv med telthandel i den tida.

Søndagssko kjøpte ein gjerne i butikken, men arbeidssko fekk ein skomakaren til å sy, men mange sydde seg kvardagssko sjølv. Reparasjon og halvsoling av skoen måtte ein gjøre sjølv, ein hadde ikkje råd å leige slikt arbeid.

Karfolka som var ute og arbeidde i snøen, gjekk ofte i komagar. Komagane sydde dei sjølve heime på gardane. Ein brukte høy eller myrsenne som dei slo på myrene til å ha rundt foten inne i kommagene.

Komagane var gode og varme å ha på føtene om vinteren, og når ein tulla komagbandet rundt bjoren og ytterbuksa, kom det aldri snø inn i dei. Då eg gjekk i skolen brukte alle skoleborna komagar om vinteren. Det var ingen som tykte at det var ikkje fint nok.

Leiknes, 23.03. 1981.

Kåre Leiknes

f. 20.04. 1910.

9300 Finnsnes